

Fra: krokpollen <kystleir@gmail.com>
Sendt: mandag 5. juni 2023 12:42
Emne: Til sakshandsamarar i barnevernet
Vedlegg: ferietilbod BV 2023.pdf

Hei

Denne mailen omhandlar 2 punkt:

Punkt 1: Oppsatart av ny gruppe haust 2023 ?

Vi vurderer å starte ei ny gruppe i "ungdom i medvind" i august / september 2023, dersom barnevernet har behov for det. Ei helg pr. mnd, samt feriar.

Alder: 10-14 år. Gutar og jenter.

Pedagogisk ansvarleg: Roar Willumsen (barnevernspedagog med bakgrunn frå Sunnmørsheimen, 3 år, BUF-etat, og 10 år med "ungdom i medvind").

Roar bygger sitt personalteam sjølv for denne gruppa, truleg ein lærar, ein sjukepleiar, ein kokk. Britt Glomnes Willumsen (25 som styrar i barnehage, 7 år som lærar, 10 år med "ungdom i medvind"), vert observatør av ungdomane og rettleiar for personalet. Magnus Willumsen (31 år som lærar, 13 år med "ungdom i medvind"), vert meir bestefars- og vakrmeisterfigur.

Vi ønskjer **tilbakemelding** frå kommunane om det er behov for oppstart av ny gruppe. Dersom barnevernet ikkje har behov, brukar vi vår framtidige kapasitet, anlegg og kompetanseressursar inn mot andre / nye brukargrupper.

Vi veit at tilbodet gjennom 13 år, har vore svært kjærkome for foreldre / fosterforeldre, både i høve rettleiing / samarbeid i forhold til ungdomen, og i høve kjærkomen pause i 24/7-jobben dei har som fosterforeldre.

"Tusen takk ! Dette er første helga på 7 år at eg og mannen har vore på hytta åleine. Eg har hatt guten hengande i skjørtekanten i alle desse åra, og han står utanfor døra medan eg er på do". Uttale frå ei sliten fostermor.

Deltaking i "Ungdom i medvind" (meistringsskule for ungdomen) ser vi som eit viktig tilbod frå barnevernet, i kampen for rekruttering av nye fosterheimar. Det er ikkje lett å rekruttere nye heimar, om dei ikkje har lovnad på avlastning. Vi er stabile, og har i mange tilfeller vore det einaste stabile i livet, til ungdomar som har gjennomgått stadige flyttingar, nye bygder, nye skular, nye venner, nye besøksheimar, og nye sakshandsamarar. Stabilitet er kanskje oppveksten sin viktigaste faktor.

Vi ser stadig annonseringar og avis-oppslag om dei ulike kampane barnevernet står i.

Fosterheimsrekruttering og underbemannning er 2 av dei. "Ungdom i medvind" rullar og går av seg sjølv, utan særleg administrasjon for barnevernet. Vi sender ut halvårsplanar, og påminning om samling 4-7 dagar før samlinga. Vi koordinerer henting / bringing, vaskar klede, har køyreopplæring, og serverer kaffi til foreldre / fosterforeldre ved henting og bringing. Ei hyggeleg ramme rundt praten om ungdomen sin funksjon i helga.

Gje oss ei enkel tilbakemelding: Ikkje behov, eller "behov for 1,2,3...". (dette gjeld ev. oppstart av ny gruppe frå hausten -23).

Punkt 2: Sommarferietilbod.

Vi har ledige plassar til sommarferietilboda våre ! (Sjå vedlegget). Ledige plassar kan tyde på at barnevernet har lite pengar, eller at barnevernet vassar i ekstremt gode tilbod til ungdomane.

Uansett så er tilboda frå Krokpollen av svært høg kvalitet.

- Ca. 1:3 bemanning, døgnet rundt ! Bemanning er barnevernspedagogar, pedagogar, naturguidar, sjukepleiarar. Her er trygge, erfarne, voksne - tett på !

- Tilbod og opplæring gjennom motorbåtar, seglbåtar, kajakkar, sup-board, våtdrakter, tuber. Vi har også symjeopplæring.

- 4 måltid for dag, med eigen kokk.

- Gode buforhold.

- Utflukter og overnattingsturar gjennom minibuss og luksusseglaren Bavaria 49, med 10 køye-plassar, 5 luggarar, og 3 bad.

- Gje ungdom i barnevernet opplevingar for livet, så dei har noko å fortelle til medelevar ved skulestart. Det er trist dersom dei sparkar småstein i sommar, eller endå verre, at mobilen vert brukt som barnevakt (svært utbreidd oppvekstmetode i alle familiær for tida. Vi har 1000 barn innom leirskulen i løpet av sesongen. Timeloggen viser at mange har over 100 timer på mobil i ei veke som har 164 timer. Altså meir enn 100 % av det som er ei normal våken tid). .

- Gje foreldre / fosterforeldre den pausen dei treng for å vere gode i ei viktig rolle. Alle slitne foreldre/fosterforeldre, gjer ein dårlegare jobb.

- Eit barn må flyttast dersom ikkje fosterforeldra står løpet ut. Vårt sommarferietilbod, og generelle tilbod i "ungdom i medvind" er eit førebyggings tiltak.

NYTT HØVET til unik kompetanse, unike fascilitetar, og ein heilt spesiell og trygg opplevings- og meistringsarena. Vi samaniknar oss med "vi på saltkråkan", eller "gøy på landet" - heilt for oss sjølv, på ei halvøy, i den norske midtvesten.

Sjå facebook: Norsk Kystleir.

www.kystleir.no (ikkje oppdatert).

Mvh Magnus Willumsen

Mail: kystleir@gmail.com Tlf. 99715222.

Tlf. Roar Willumsen: 41207263. Mail: Roar.kystleir@gmail.com